



1. Godkjenning av kunngjering, innkalling og sakliste

2. Val av møteleiar

3. Val av skrivar

4. Årsmelding 2017

- **Styret**
- **Opne møte og tema**
- **Uskedalen.no**
- **Viktige tiltak med bakgrunn i Handlingsplan 2017**

5. Handlingsplan 2018

6. Rekneskap 2017

7. Budsjett 2018

8. Årspengar og husleige 2018

- **Årspengar** **kr. 200,-**
- **Utleige Gamleskulen: Vekedag:** **kr. 500,-**
Laurdg/sundg.: **kr. 800,-**
Helg: **kr. 1.500,-**

9. Val av styre og nemnder

Evt. innkomne saker

Uskedal Utvikling

Årsmøte 7. februar 2018



Årsmelding 2017 - Frå styret

Styret 2017

Leiar: Kristian Bringedal

Nestleiar: Jan Erik Olsson

Skrivar: Gunn Mari Moberg

Styremedlem: Egil Myhre

Styremedlem: Henrik Lyse

Varamedlem: Ann Irene Sæle

Varamedlem: Berit H Døssland

Varamedlem: Hilde B Bringedal

Rekneskapsfører: Alf Hjørnevåg

Revisor: Leon Gundersen og Hans Reidar Kjærland

Styremøte

Det er avhalde 7 styremøte og handsama 33 saker i 2017.

Av saker vi har handsama i 2017 vil eg nemna:

- Fjerna øydelagt gjerde ved Gamleskulen
- Vidare opprusting av kjellar
- Forbedra turveg over Dønhaug
- Rydding langs elv og utkikspunkt med støtte frå kommunen
- 10 års jubileum for Kafe 10-aren

Medlemer

Uskedal Utvikling er ein medlemsbasert organisasjon registrert i Frivilligregisteret, Brønnøysundregisteret, med rett til Grasrotandel.

Medlemstalet i 2017 har vore 28.

Uskedal Utvikling

Årsmøte 7. februar 2018



Opne møte og tema 2017

Dato	Møte/tema
10.02	Årsmøte og ope møte om vassforsyning. Møte med Uskedal Vassverk
01.03	Møte med KSBank stifting og ny dagleg leiar. Tema: Tilskot til allmennnyttige føremål
05.04	Møte om ny modell for helsetenester – overgang til ny modell
03.05	Møte med SIM om mikroplast og plastrydding
04.10	Møte med Karen Løvfall frå Turistkontoret. Tema: Natur og kultur – betre infrastruktur med skilting, parkeringsplassar og informasjon (Ulvanoso)
01.11	Møte med Husnes Vekst om mellom anna Husnes som regionscenter
03.12	Møte med ordførar om saker som treng oppfølging fram mot ei løysing

Andre tiltak:

Jan/febr: Utsiktsrydding – Friluftsplassen og elvosen
April/mai: Strandrydding – i samarbeid med SIM
Oktober: To samlingar i referansegruppe for Husnes som regionscenter
November: Kafe Tiaren 10 år – markering

Kjellaren:

Teknisk rom er tett og avdelt frå resten av arealet. Nye vindaugo, som skal monterast på vegg mot Grano, er innkjøpt og er lagra. Halvparten av pipa er pussa og er tenkt ferdiggjort i samband med byte av vindaugo. Alle deler er på plass for oppstart av varmen i golvet. Koplinga må gjerast av godkjend røyrleggjar. Det står att arbeid med avdeling for handikaptalett og vanleg toalett. Det same gjeld å kle inn avløp og tilførslerøyr som går i taket i kjellaren. Det er dette arbeidet styret ser på som realistisk å få gjort i 2018. Heggland

Uskedal Utvikling

Årsmøte 7. februar 2018



Bygg og anlegg har vurdert arbeidet og kome med kostnadsoverslag. (Egil Myhre/Jan Erik Olsson)

Kafe Tiaren:

Det har vore 50 kafesamlingar på Kafe Tiaren i 2017. 24 frivillige jobbar fast. I tillegg kjem nokre ringevikarar. Alle er delte opp i 8 lag med 3 personar i arbeid kvar gong. To nye er komne til på lista. Kafe Tiaren har hatt ein godt besøk i arbeidsåret. Nytt i 2017 er Allsong på Kafe Tiaren den siste tysdagen i månaden. Tiltaket er godt motteke. Kafe Tiaren kunne i 2017 syna til 10 års samanhangane drift. Jubileet vart markert med fest for alle som har vore og er aktive hjelparar. Ein ynskjer heile tida at fleire melder seg som frivillig.- for på den måten å støtta eit godt tiltak i bygda. (Selma Eik/ Berit H. Døssland)



Uskedalen.no i 2017.

Uskedalen.no har innan utgangen av 2017 presentert 16.333 saker sidan første saka vart publisert 30.06.2006. Dette vert om lag 1420 saker i gjennomsnitt årleg.

I 2017 vart det publisert 1484 saker. Det var noko fleire saker i vårhalvåret enn i hausthalvåret. Talet på saker har vore rimeleg stabilt siste åra med 1400 i 2016, 1565 i 2015 og 1397 i 2014. Lesarane er blitt flinkare å senda inn stoff det siste året. Her vil vi framheva dei to barnehagane våre. I tillegg møter vi alltid velvilje når vi bed om foto og hjelp til å dekkja arrangement. Vi har ein del personar som er svært gode å be.

Det har vore presentert lesarbilete annankvar dag, altså vel 180 bilde i 2017, og det er no publisert rundt 550 bilde frå lesarane etter denne spalta starta opp i januar 2015. Talet på fotografar har akkurat passert 45, og vi er imponert over denne responsen. Likevel håpar vi på at endå fleire kan senda inn.

Talet på lesarar har dette året vore totalt 402.961, og det er ein mindre nedgang frå i fjor. Dette gjev eit snitt på i overkant av 1100 lesarar pr. døgn. Hovuddelen av nedgangen kom i desember, det kom truleg av at vi ikkje hadde konkurranse eller serie(Dr. Haugen) denne jula slik vi hadde dei 3 føregåande. August var månaden med høgast lesartal, og det har opplagt samanheng med Festidalen. Elles ser vi at positive saker om barn og ungdom har høge lesartal, og sakene frå Oska scora alltid høgt.

Redaksjonsgruppa har dette året gjort eit omfattande arbeid der dei har kvalitetssikra dei 12.000 første sakene i høve til lovverket. Vidar Haugland, Thor Inge Døssland, Svein Rimestad, Hans O. Østebø og Kristian Bringedal har delteke i dette arbeidet som har gått over ein god del mandagskveldar i hausthalvåret.

Inntektene kjem frå firma som har logoane sine i sponsorspalta. Frå logane kan det leggjast link til eiga heimeside/facebook-side. Kvar sponsorplass kostar 3.300,-kr pr. år, og det var 23 firma som hadde logo der i 2017. Hans O. Østebø styrer denne spalta, og han løyser elles alle tekniske utfordringar som måtte oppstå.

Redaksjonsgruppa.



Uskedal Utvikling – Handlingsplan 2018

- Halda fram arbeidet med byggesteg 2,- kjellaren, Gamleskulen
- Halda fram drift og utvikling av nettsida uskedalen.no. Om nettsida skal halda fram, må ein forventa hjelp til skriving og redigering
- Halda fram drifta av Kafe Tiaren
- Syna positiv merksemd og hjelp til alle former for næringsutvikling
- Saman med kommunen og skule/barnehage ha fokus på elev- og folketalsutvikling og iverksetja tiltak som kan stimulera til tilflytting og nyetablering
- Halda fram arbeidet med sentrumsutvikling, sikra parkeringsareal, motivera til rydding i strandsona, langs hovudvegen og langs elva
- Med bakgrunn i Plan for arealstrategi vert arbeidet ført vidare i revidert Kommunedelplan og Reguleringsplan i 2018.
- Vil saman med kommunen og aktuelle utbyggjarar ha fokus på tilrettelegging av eldrebustader og bufelleskap i sentrum
- I samarbeid med Uskedal helselag få kjøpt inn hjartestartar, plassert i sentrum
- Leggja til rette for prosjektarbeid som t.d. betre infrastruktur Ulvanoso, friluftsliv og turisme, utsiktsrydding og fleire turveggar i nærrområde
- Fylgja opp innmelde og aktuelle saker og kalla inn til særmøte for å sikra framdrifta fram mot ei løysing
- Med bakgrunn i lokal trafikksikringsplan vert det i samarbeid med FAU og barnehagen arbeidd vidare med konkrete tiltak, mellom anna med fartsdempande tiltak gjennom sentrum og gang/sykkelveg til Steinsletto
- Auka medlemstalet og engasjementet frå lag/organisasjonar og bedrifter. Årspengane vert redusert til kr. 200,- og målet er minst 100 medlemmer i 2018

Resultatrapport

Uskedalen Utvikling
990787158

Regnskapsår: 01.01.2017 - 31.12.2017

Gjelder periode: 01.01.2017 - 31.12.2017
Periode fg år: 01.01.2016 - 31.12.2016

	Periode	Akkumulert	Periodeslutt fg år
Driftsinntekter			
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	1 300,00	1 300,00	0,00
3111 Salgsinntekter Tiaren	64 913,00	64 913,00	61 082,00
3125 Annonser Uskedalen.no	66 000,00	66 000,00	66 000,00
3611 Leieinntekter Gamleskolen	69 566,00	69 566,00	69 056,00
3612 Stønad Kvinnherad Kommune	70 000,00	70 000,00	0,00
3616 Stønad Norsk Tipping	1 952,91	1 952,91	4 032,52
3901 Medlemspenger	8 700,00	8 700,00	7 900,00
3904 kundeutbytte gjen	1 467,00	1 467,00	1 318,00
3905 Mømskompensasjon	45 790,00	45 790,00	13 538,00
	329 688,91	329 688,91	222 926,52
Driftskostnader			
4111 Varekjøp Tiaren	-38 477,58	-38 477,58	-34 324,03
6320 Renovasjon, vann, avløp mv.	-14 562,00	-14 562,00	-6 086,00
6340 Lys, varme	-23 061,00	-23 061,00	-22 884,81
6360 Renhold	-525,00	-525,00	-7 850,00
6545 Datautstyr	-2 235,00	-2 235,00	-3 234,00
6550 Driftsmaterialer	-1 199,00	-1 199,00	-2 765,00
6561 Blomar	-3 997,00	-3 997,00	-7 915,00
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger	-1 894,00	-1 894,00	-38 406,50
6601 Utstyr Tiaren	-1 338,70	-1 338,70	-1 449,00
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	-5 925,00	-5 925,00	-35 909,50
6690 Reparasjon og vedlikehold annet	0,00	0,00	-610,00
6811 Kvinnherad Breiband	-3 600,00	-3 600,00	-3 300,00
6813 Uskedalen.no Drift	-11 169,54	-11 169,54	-22 434,88
6817 Oppgrad. kjeller	-16 526,00	-16 526,00	-158 230,50
6818 Vask Gamleskolen	-18 993,00	-18 993,00	-8 400,00
6940 Porto	-1 100,00	-1 100,00	-1 600,00
6990 Ymse utgifter	-306,59	-306,59	-3 691,30
7500 Forsikringspremier	-11 055,00	-11 055,00	-10 443,00
7770 Bank og kortgebyrer	-5 047,25	-5 047,25	-4 153,61
	-161 011,66	-161 011,66	-373 687,13
Driftsresultat	168 677,25	168 677,25	-150 760,61
Finansielle poster			
8040 Renteinntekter, skattefrie	409,90	409,90	498,43
Ordinært resultat før skatt	169 087,15	169 087,15	-150 262,18
Ordinært resultat	169 087,15	169 087,15	-150 262,18
Årsresultat	169 087,15	169 087,15	-150 262,18

Balanserapport

Uskedalen Utvikling
990787158

Regnskapsår 01.01.2017 - 31.12.2017

Gjelder periode: 01.01.2017 - 31.12.2017

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt
EIENDELER			
Omløpsmidler			
1500 Kundefordringer	0,00	4 650,00	4 650,00
1920 Bankinnskudd	184 300,58	210 905,55	395 206,13
1922 Bank konto TIAREN	94 514,31	2 290,30	96 804,61
1923 Bygdeutvikling DNB	49 133,77	48,80	49 182,57
	<u>327 948,66</u>	<u>217 894,65</u>	<u>545 843,31</u>
SUM EIENDELER	327 948,66	217 894,65	545 843,31
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital (innskutt og opptjent)			
2050 Annen egenkapital	-320 756,16	0,00	-320 756,16
Udisponert resultat			
Udisponert resultat	0,00	-169 087,15	-169 087,15
Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)	<u>-320 756,16</u>	<u>-169 087,15</u>	<u>-489 843,31</u>
Gjeld			
Avsetning forpliktelser			
2180 Andre avsetninger for forpliktelser	0,00	-56 000,00	-56 000,00
Kortsiktig gjeld			
2400 Leverandørgjeld	-7 192,50	7 192,50	0,00
Sum gjeld	<u>-7 192,50</u>	<u>-48 807,50</u>	<u>-56 000,00</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	<u>-327 948,66</u>	<u>-217 894,65</u>	<u>-545 843,31</u>
Avvik	0,00	0,00	0,00

Utskrevet av Alf Hjonnevåg 19.01.2018 08.27.30

Visma eAccounting

Rendert og funne i orden.

Uskedalen 21. jan. 2018

[Handwritten signature]

[Handwritten signature]

Uskedal Utvikling

Driftsbudsjett 2018



Driftsinntekter:

Sal Tiaren	66 500
Diverse Inntekter	106 000
Annonse Uskedalen.no	66 000
Medlemskontingent	8 900
Sum Driftsinntekter	247 400

Driftskostnader:

Varekjøp Tiaren	36 000
Lys. Varme	23 000
Blomar	10 500
Diverse kjøkkenutstyr	5 000
Vedlikehold Bygninger	40 000
Reparasjoner utstyr	27 000
Kontorrekvisita	1 400
Kvinnherad Breiband	3 750
Datautstyr	9 000
Drift Uskedalen.no	22 000
Møter kurs og oppfølging	3 000
Porto	3 000
Forsikringspremie	10 000
Ymse utgifter	50 000
Sum Driftskostnader	243 650

Driftsresultat	3 750
-----------------------	--------------